



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 15/238480-4	Dykkar referanse: 15/2570 – 15/21499	Vår dato: 22.12.2015
------------------------------------	--	-------------------------------	--	-------------------------

### Dispensasjon frå kommuneplanen – Krav om områdeplan – Flatøy aust – Gnr. 1 bnr. 19 og 20 i Meland kommune

Vi viser til høyringsbrev om dispensasjon frå kommuneplanen datert 01.12.2015. Saka gjeld krav om områderegulering for Flatøy aust, område H810\_6, jf. føresegn §4.6.9 i kommuneplanens arealdel. Søkjer ønskjer å byggje ut deler av dette området, del av gbnr. 1/19 og gbnr. 1/20.

Føresegn §4.6.9 om Flatøy aust viser til trong for å sjå grønstruktur, utbyggingsområde, næring og infrastruktur i samanheng i eit pressområde. Statens vegvesen er samd i denne vurderinga, og meiner at det er uheldig om det største utbyggingsområdet vert trekt ut og vurdert isolert. Ein utbygging som skissert i søknaden vil belaste fylkesvegnettet ved dagens kollektivterminal på Flatøy og kryss med E39. Det må vurderast om vegsystemet er dimensjonert for denne og eventuelle andre tiltak i området. Av den grunn ser vi det som uheldig om ein tillater utbygging utan ein heilskapleg vurdering av området og vegnettet på Flatøy.

Statens vegvesen rår ifrå at det vert gitt dispensasjon frå krav om områdereguleringsplan for område H810\_6, Flatøy aust. Vi ber om å få tilsendt vedtak frå kommunen, for å vurdere klage.

Plan og forvaltning – Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Kopi

Ard Arealplan, Nygårdagaten 114, 5008 BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*